



Plan for attraktive områder nær Treungen sentrum

Tilrettelegging for aktiv kvardag i kulturhistoriske miljø
og moglehetsstudie for lokstallen som klatrehall

Forord

Takk til Nissedal kommune v/ Anne Margrethe Espelid, for eit spenande oppdrag, og for eit svært godt samarbeid.

Birgith Reinskås Lunden har vore prosjektansvarleg frå Faun, og i kreativt samarbeid med kollega Monica Sølyst har dei arbeidd fram prosjektet.

Vi takkar John Sanden og Ingvild Hodnekvam i Sanden & Hodnekvam arkitekter, og Erlend Nundal og Tore Tjelmeland i Tjelmeland Friksjon for gode bidrag i prosjektet med design av bygg og klatreelement.

Fyresdal 8.12.2020
Birgith Reinskås Lunden
Monica Sølyst

Samandrag

I denne studien har Nissedal kommune bedt Faun sjå på moglegheita for å utvikle den gamle lokstallen på Sommarsletta til klatrehall, og å sjå på sentrumstiltak som fremjar ein aktiv kvardag for alle. Faun har sett studiane i samanheng og begge oppdraga blir presentert i denne rapporten.

Moglegheitsstudien viser at det let seg gjere å nytte lokstallen som klatrehall, med ein del tilpassingar. Slik som lokstallen er i dag er takhøgda for låg til å tilfredsstille krav om godt klatreanlegg. Bygget er og for dårleg isolert og har for låg temperatur. Bygget har i tillegg kulturhistorisk verdi, og ei eventuell utbygging eller ombygging er avhengig av ein dispensasjonssøknad med positiv uttale frå fylkeskommunen. I studien har Faun samarbeidd med Sanden & Hodnekvam arkitekter om eksteriøret og med Tjelmeland Friksjon om spanande klatreløysingar inne i bygget. Saman har vi konstruert eit klatreanlegg i lokstallen som kan bli eit reiselivsprodukt, ein attraksjon og ein viktig møteplass i bygda. Fylkeskommunen er positive til at kommunen jobbar vidare med framlagte konsept.

I sentrumsplanen har vi foreslått tiltak som fremjar ein aktiv kvardag for alle, slik som gågate i sentrum, ei utviding av bryggeparken, universelt stinett i sentrum og tilrettelegging for menneske med nedsett funksjonsevne. Vi har også sett på å bruke sentrum meir til aktivitet og mindre til parkering.

Det er ein fellesnemnar som vil vere suksessfaktor for både utvikling av lokstallen på Sommarsletta og dei ulike tiltaka i sentrum; ei gang- og sykkelbru frå Sommarsletta til sentrum. Tveitsund bru er i dag einaste kopling mellom nordre og søndre del av Treungen sentrum. Brua på riksvegen er ei barriere og hindrar god flyt av mjuke trafikantar i sentrum. Vi meiner den tidlegare foreslalte aktivitetsbrua mellom Sommarsletta og sentrum er løysinga på å få sentrum til å henge saman. Brua vil gjere til at Sommarsletta blir ein del av sentrum, det blir enkelt for fastbuande på begge sider av Treungen sentrum å ta seg mellom idrettsanlegg, skule, klatreanlegg og sentrum, og det vil gjere sentrum meir interessant for tilreisande, både som stoppeffekt og som aktivitetstilbod.

Innhold

Prosjektbestilling s.4

Bakgrunn for moglegheitsstudien s.5

Planområde s.6

Metode s.7

Prosjektmål s.9

Del 1

Registrering s.10

Registrering av funksjonar, verdiar, kvalitetar, planlagte prosjekt,
moglegheitskart for samanhengande turvegnett.

Del 2

Potensial for sentrum s.32

Innspel til reguleringsplanarbeidet "Treungen sentrum nord"

Del 3

Planforslag for utvikling av attraktive senturmsområder s.36

Identitet, inspirasjon, utviklingstiltak for sentrum og Sommarsletta

Del 4

Klatresenter på Sommarsletta s.52

Historisk identitet i folkehelsetiltak og næringsutvikling

Budsjett tiltak Sommarsletta og sentrum s.86

Budsjett tiltak lokstallen s.89

Aktuelle finansieringskjelder s.90

Trinnavis utbygging s.91

Konklusjon s.92

Prosjektbestilling

Utgangspunktet for bestillinga var lokstallen som klatreanlegg. Nissedal kommune fekk innvilga midlar frå Telemark fylkeskommune, på søknadsordninga om fylkeskommunale fondsmidler til regionale og interkommunale idrettsanlegg.

Faun fekk i oppdrag frå Nissedal kommune om å utarbeide skisser med løysingsforslag og tilhøyrande kostnadsoverslag for lokstallen som klatreanlegg. Desse skal vere grunnlag for søknadar om finansiering. Søknadsskriving er ikkje ein del av prosjektet.

I tillegg fekk Faun oppdraget om å lage ein heilskapleg plan for attraktive områder i Treungen sentrum. Planen skal sjåast i samband med vurderingane knytta til eit interkommunalt klatreanlegg i lokstallen på Sommarsletta.

Målsettinga med planen er å sjå overordna på området og dei ulike prosjekta som er realisert eller under planlegging.

Viktige prosjekt å arbeide inn i planen er:

- Tur- og sykkelrøypa på jernbanelinja
- Flytebrua mellom Sommarsletta og sentrum
- Reguleringsplan for Treungen sentrum, nord
- Treungenfestival
- Turveg på Torvmyrane
- Badeattraksjon i sentrum
- Andre turløyper med utgangspunkt frå sentrum

Vi har vald å presentere funna frå både bestillingane i ein rapport, for å få fram den heilsakaplege tankegangen.

Nissedal kommune er ein internasjonal klatredestinasjon, med svært kjende klatreruter i fjella rundt Nisser og mange klatrarar som kjem hit for å klatre.

Nissedal og særleg Hægefjell er svært godt kjent i klatremiljø i Noreg og Europa. På 1990-talet fekk Nissedal eit lokalklatremiljø i kommunen, og profilerte klatrarar hjalp til slik at rutene på mellom anna Hægefjell vart kjent i det internasjonale klatremiljøet.

I 2017 vart det gjennomført ein klatrefestival i Nissedal ved Hægefjell, men formål å avdekke om eit slikt nasjonalt arrangement vil fungere i Nissedal. Konklusjonen til Friflyt er at dette har potensial, og festivalen vart gjennomført i både 2018 og 2019 med lokale klatrarar og eldsjeler i spissen. Målet med festivalen er å både få til klatring, men også ulike foredrag, kurs og sosialt samvært med likesinna. Dette er eit arrangement som har mål om å trekke klatreinteresserte, for både rutinerte og ferske klatrarar frå heile landet. Klatrefestivalen vil også vere ein viktig rekurtteringskanal for toppturar i området, og synleggjere turmogleheitane for festivaldeltakarane. Ei synleggjering som dette vil forhåpentlegvis lokke nokon til Nissedal og Treungen utanom klatrefestivalen også. I tillegg vil det også auke interesse og rekurttering for klatring lokalt. Klatrefestivalen er viktig i arbeidet med å utvikle Nissedal som ein klatredestinasjon for alle.

Kommunen og regionen har ingen opplæringsarena eller eigna lokalitet til å etablere eit klatremiljø i. Det er politisk vilje til å sjå på mogleheitane for eit klatreanlegg i Nissedal, etter ein søknad frå klatregruppa om å bygge ein klatrevegg. Nissedal kommune ynskjer å undersøke høvet for å nytte den gamle lokstallen på Sommarsletta til klatreanlegg, og såleis nytte eksisterande bygg til dette føremålet.

Nissedal kommune er i gang med eit reguleringsarbeid for Treungen sentrum. Det er ynskjeleg å sjå klatreanlegg i lokstallen på Sommarsletta i samanheng med utviklinga av sentrum. Kommunen fekk tilskot 2019 til ein moglegheitsstudie med mål om å avdekke om det let seg gjere å få til eit klatreanlegg som reiselivsprodukt, attraksjons- og folkehelsefremjande tiltak i kommunen. For å få til ein heilskapleg plan blei det vidare løyvd midlar til å sjå på samanhengar og viktige koplinger mellom sentrum og Sommarsletta.

Planområde



Vestfold og Telemark fylke



Nissedal kommune



Treungen

Fokusområdet for planen er innanfor stiple område, men prosjektet har også sett på områder og pågående prosjekt nært knytt til Treungen sentrum.

Metode

Prosjektgruppe

Nissedal kommune og Faun Naturforvaltning har vore i arbeidsgruppa, og Anne Margrethe Espelid har vore prosjektansvarleg i kommunen. Birgith Reinskås Lunden som landskapsarkitekt i Faun har hatt hovudansvaret med prosjektet, og Monica Sølyst har jobba som kreativ medarbeider og deltatt i møtene med oppdragsgjevar. Elles har både Sveinung Seljås, Pål Øyvind Brattekleiv og Halvor Homme frå kommunen bidrige med informasjon og kunnskap i møter og på synfaring.

Underleverandørar

Fauni har hatt godt samarbeid med Tjelmeland Friksjon, som bygger klatreveggar og leverer utstyr og tenester til klatresenter, samt Sanden & Hodnekvam arkitekter som har skissert eit påbygg og vore sentrale i dialogen med fylkeskommunen om endring av bygget.

Møter

Gjennom prosjektperioden har det vore fleire arbeidsgruppemøter og interne møter. Faun har hatt oppfølgingsmøter med underleverandørane; Sanden & Hodnekvam og Tjelmeland Friksjon, og fellesmøter med fleire aktørar. I tillegg har det blitt gjennomført adhock-møter for å gjere statusoppdateringar og avklaringar.

23.1.2019 - oppstartsmøte med kommunen. Anne Margrethe Espelid frå kommunen og Monica Sølyst og Birgith Reinskås Lunden frå Faun.

8.3.2019 - oppstartsmøte med fylkeskommunen v/ Therese Surdal Lahus, samt representantar frå kommunen;

Anne Margrethe Espelid, Pål Øyvind Brattekleiv, Sverre Sæter og Hildegunn Rønningen.

3.6.2019 - Folkemøte/ idemydlringsmøte i biblioteket. Presentasjon, dialog og workshop. Faun fekk inn mange gode idear og innspel på dette møtet.

24.4.2020 - Teams-møte med Nissedal kommune, Vestfold og Telemark Fylkeskommune, Tjelmeland Friksjon, Sanden & Hodnekvam arkitekter og Faun. Føremålet med møtet var å drøfte korleis ein kunne finne gode løysingar for å få eit bygg som både tilfredstiller krav som godt klatreanlegg, og som tar vare på den kulturhistoriske bygningen lokstallen er. Aktørane var einige om mykje, men det var behov for å gjere nye vurderingar.

21.08.2020 - Teamsmøte med Nissedal kommune, fylkesantikvar hjå Vestfold og Telemark fylkeskommune, samt John Sanden i Sanden & Hodnekvam arkitekter og Faun v/ Birgith Reinskås Lunden.

Synfaring

23.1.2020 - Fyrste synfaring av lokstallen. Faun og kommunen.

8.3.2020 - Faun v/ Birgith hadde synfaring med byggmeister Inge Aamlid med fokus på isolering

18.10.2019 - Faun v/ Birgith synfarte sentrumsområde i samband med heilskapleg plan og innspel til reguleringsplanarbeidet til kommunen.

18.06.2020 - I samband med møte og synfaring med Treungen IL på Torvmyrane - hadde Faun ei ny synfaring på Sommarsletta og i sentrum

09.09.2020 - Drøftingsmøte med Statens vegvesen v/ Eivind Gurholt og Lars Gunvald Hauan, Halvor Homme, ordførar i Nissedal kommune og Anne Margrethe Espelid, prosjektansvarleg for kommunen.

Metode

Moglegheitsstudien

Vi har hatt kontakt med Senter for idrettsanlegg og teknologi (SIAT) ved NTNU og byggmeistar Inge Aamlid for å sjå på moglegheitar knytt til isolering av bygget. Nissedal kommune har hatt fagkompetanse til å vurdere nye vindauge i lokstallen og kostnadane knytt til det. Vi har hatt dialog med Norges klatreforbund om utfordringar og moglegheiter knytt til høgda på bygget. Vi gjennomført workshop med deltakarar frå klatremiljøet i bygda, samt ungdommar og driverar av lokstallen i dag.

I prosjektet har Faun hatt Sanden & Hodnekvam arkitekter og Tjelmeland friksjon som underleverandørar.

Planforslaget for attraktive sentrumsområder.

Faun gjennomførte synfaring og gav innspel til reguleringsplanarbeidet før jol 2019. Vi har forsøkt å fått oversikt over eksisterande planar og kvalitetar nær sentrum, som prosjektet kan støtte opp om, legge betre til rette for og kople seg på. Vi har hatt fokus på moglegheiter, sett på barrierer og forsøkt å sjå på koplingar på ein overordna måte. Dette med nål om at dei ulike tiltaka skal fungere saman. Prosjekta vi særleg har hatt fokus på er sykkelvegprosjektet på jernbanelinja, aktivitetsbrua mellom sentrum og Sommarsletta, og turvegprosjektet på Torvmyrane som Treungen IL har initiert.

Personas – målgruppe

Personas er eit nyttig reiskap for å finne aktuelle og potensielle målgrupper som ein skal planlegge for. Metoden er utvikla av opplevingspioneren Pål Knutsson Medhus, og omfattar definering og skildring av type, samt illustrasjon for å tydleggjere og forsterke definisjonen. På idemyldringsmøtet i mai 2019 definerte og illustrerte dei to arbeidsgruppene ulike personas/ målgrupper for Klatrehallen på Sommarsletta. Desse vart presentert på folkemøte i mai, og justert i etterkant.

Kostnadskalkyle

I tråd med planforslaget har Faun laga ei liste over aktuelle postar inn i ei kostnadskalkyle. Faun har hatt direkte kontakt med fleire aktuelle leverandørar som ein ser kan levere produkt som passar til området og funksjonane ein tilrettelegg for. Aktuelle aktørar er omtalt i kalkyla, og skildinga av tiltaka. I tillegg har ein nytta erfaringstal frå tilsvarende prosjekt. Det er lagt inn ein usikkerhetspost på 10%.

Opplevingsproduksjon

Det er blitt vurdert både korleis ein kan skape attraksjonskraft, og korleis ein samstundes kan legge til rette for at folk skal ta i bruk området i kvardagen. For tilreisande til Nissedal kan det vere lurt å ikkje lansere alle tiltaka fyrste året, men heller fordele dei strategisk framover i tid. På denne måten vil ein kunne halde oppe interessa for området, og gje nye opplevelingar til folk som kjem tilbake og som vil bli gode ambassadørar for Nissedal og Sommarsletta. Samstundes er det viktig å få på plass eit helskapleg konsept som kan vekke interesse.

Prosjektmål

Heilskapleg plan
for området
Sommarsletta og
Treungen sentrum

Utvikle området Sommarsletta og Treungen sentrum til eit område tilrettelagt for fysisk aktivitet, møteplassar, integrering og trivsel for alle. Utvikle attraktive, universelt utforma sentrumsnære turvegar og grønstruktur med folkehelsetiltak og aktivitet for alle.

Knyte saman eksisterande planar og nye planar, og skape ein heilskafeleg plan der målsetting er eit attraktivt sentrum tilrettelagt for alle med element som byggjer på lokal historie og natur.

- Flette inn lokal historie om Treungenbanen
- Fokus på Nissedal som klatredestinasjon med spesielle fjell og buldresteinar.




Klatresenter i
Lokstallen

Effektmål

- Auka attraksjonskraft for Nissedal og Vest-Telemark som klatredestinasjon.
- Styrking av det regionale klatremiljøet
- Utbygging av aktivitetstilbod på Sommarsletta og betra folkehelse for grupper som ungdom og unge voksne.

Resultatmål

- Eit interkommunalt klatresenter i Nissedal innan 2023



Del 1

Registrering


REGISTRERINGSKART

Sentrumsfunksjonar



REGISTRERINGSKART

Infrastruktur



Funksjonar og nærmiljøkvalitetar

NISSE

ELDRESENTER
SKULE OG
BARNEHAGE

BUSTADOMRÅDE

ÅRBEIDSPLASSAR

VANNAKTIVITET

SOMMARSLETTA

CAMPING

ÅRBEIDSPLASSAR

TVEITSUND BRU
BARRIERE FOR
MJUKE TRAFIKANTAR

UNGDOMSHUS

IDRETSANLEGG

BUSTADOMRÅDE

GAPAHUK


LJOSLØYPE

KYRKJE

SYKKELLØYPE

REGISTRERINGSKART

Kulturminne og eldre bygg



SITUASJONSKART

Kulturhistoriske miljø



Tveitsund bru

Brua er freda etter Lov om kulturminner for å ta vare på eit arkitektonisk og kulturhistorisk verdfullt kulturminne.

På eit informasjonsskilt ved brua står det at brua er den tredje lengste steinkvelvbrua i Noreg. Spennet er på 51 meter og berre 2,4 meter over vatnet på toppen av bogen. Brua vart bygd i perioden 1917-1918. Før brua vart bygd vart dei reisande frakta over sundet med ferje.



205 Tveitsund bru

Nissedal, Telemark

Hvelvbru 1918 Brun 08-0082

**Beskrivelse**

Brua er ei steinhvelvbru bestående av fint huggen mortelmurt stein med et spenn på 62 meter. Rekkverk og to portalar på hver side av brua er i betong. Ved begge landkar er det bygd opp til dels lange steinmurer for å hindre utvasking av jordsmønn ved brukarene. Brua er i dag en del av riksvegnettet.

Historikk

Hovedferdselen gjennom Nissedal gikk tidligere over Tveitsund. Det var ferje over sundet inntil Tveitsund bru ble bygd i 1918.

Vurdering

Brua er et godt eksempel på en steinhvelvbru bygd omkring 1900 da det i stadig større grad ble benyttet fint huggen stein og mortel i steinhvelvbrue. Brua er den tredje lengste steinhvelvbrua i Norge, og den lengste med spennhøyde på kun 2,4 meter. Brua er fredet.



Tveitsund bru



Tveitsund bru er ei arkitektonisk perle i Treungen, særleg sett frå Nisser. Foto: Birgith R. Lunden

Behov for tilrettelegging

Tiltak for mjuke trafikantar

Tilrettelegginga for mjuke trafikantar i Treungen sentrum er god både nord og sør for sentrum. Flaskehalsen er Tveitsund bru. Brua er automatisk freda etter kulturminnelova, og er ein del av verneplanen til Statens vegvesen. Det er gjort vurderingar av Statens vegvesen og konkludert med at det ikkje let seg gjere å bygge på ei løysing for mjuke trafikantar på dagens bru.

Brua er smal og permanent ljosregulert. Hastigheten er låg over bru. Det er ikkje ei optimal løysing for mjuke trafikantar, når bilane køyrer samstundes. Fersel over er vanskeleg særleg ved arrangement, som Treungenfestival og i travle sesongar. Kommunen har ikkje kjennskap til at det har skjedd ulykker med mjuke trafikantar, men foreldra vegra seg for å la ungane sykle her, til og frå skule/ fritidsaktivitetar. Treungen er i utgangspunktet godt tilrettelagt for å få barn, unge og vaksne til å sykle meir, både som transportmiddel til barnehage, skule og jobb, og til fritidsaktivitetar.

Vi ser at det er behov for å tilrettelegge med mål om eit samanhengande sykkel- og gangvegnett i Treungen. Brua delar bygda i to, ein nordre del med sentrum, skule, barnehage og bustadfelt, og sørdelan med Sommarsletta, idrettsanlegg, ungdomshus starten av sykkeltraseen mellom Treungen og Åmli. Det er eit stort behov for å skilje mjuke trafikantar frå biltrafikken. Det vil vere eit viktig tiltak for trafikktryggleiken i kommunen, samt eit viktig folkehelsetiltak.

Nissedal kommune arrangerte idedugnad sommaren 2015. Fokuset var utvikling av stasjonsområdet og sentrum i Treungen. Det kom forslag om ei bru over frå Sommersletta til sentrum. Forslaget vart tatt vidare og utvikla til ei aktivitetsbru designa av Sanden & Hodnekvam

arkitekter. Skisser og design blir vist vidare i rapporten. Løysinga som er teikna er universell, og midtpartiet av bruva vil ligge på flyteelement.

Målet med tilrettelegging bør vere å kople bygda saman, auke talet på gåande og syklande, la Tveitsund bru få stå urort og samtidig bli meir synleg for folk som går på aktivitetsbrua. Ei kopling frå sentrum direkte til Sommarsletta, vil legge til rette for at startpunktet på sykkelløypa til Åmli, startar der handelsstanden og kassaapparata er.




Sjølv om bruva er ljosregulert og den reelle farten er låg, er det likevel trangt å passere for mjuke trafikantar, slik som vist her. Foto: Birgith R. Lunden

Moglegheitsstuide 2015

Illustrasjon: Sanden & Hodnekvam arkitekter


Eit av fleire innspel frå idedugnaden i 2015 var å kople sentrum og Sommersletta saman med ei gangbru. Sanden & Hodnekvam arkitekter utarbeidde ein moglegheitsstudie med dette som utgangspunkt. Her er ein modell som viser korleis koplinga kan vere.




Aktivitetsbru

Illustrasjon: Sanden & Hodnekvam arkitekter

Snitt




Plan



Aktivitets-, gang- og sykkelbru

Illustrasjon: Sanden & Hodnekvam arkitekter




Kommunen har freista å
søkje inn tilskotsmidlar frå
kulturdepartementet i forbindelse
med ei søkjeordning for
nyskapande aktivitetsarenaer.
Prosjektet nådde ikkje opp her.
Det kan likevel vere moglegheiter
for å få til finansiering på andre
måtar.

Registrering eksisterande planar

Aktivitets-, gang og sykkelbru

Illustrasjon: Sanden & Hodnekvam arkitekter



Sykkelrute på jernbanelinja

Foto: Birgith R. Lunden

Sykling i kulturhistorisk miljø, Treungen - Åmli

Treungenbanen vart våren 2020 opna som tur- og sykkelveg. Turen fylgjer den historiske jernbanestrekninga mellom Åmli og Treungen. Banen har hatt mange namn og eit av dei er Treungenbanen. Jernbanen stod ferdig til Treungen i 1913 og nedlagt i 1967.

Sykkelturen frå Treungen til badeplass ved Sjodiplane, rett over kommune- og fylkesgrensa egnar seg for alle aldrar, då det hovudsakeleg er sykling utanfor trafikkert hovudveg, med unntak av ei strekning på omlag 1 km ved Tjørull. Det er også denne strekninga ein får beste kjensle av å sykle på kulturhistorisk grunn, med mest innslag av kulturminner frå jernbanetida.



Strekning på jernbanelinja.
Foto: Birgith R. Lunden

Treungenfestival

Illustrasjon Treungenfestival

Sommarsletta har sidan 2003 vore nytt som festivalområde i samband med musikkarrangementet Treungenfestival. Det har dei siste åra, med unntak av i 2020, vore arrangert kvart år i august. Sommarsletta er arena for dei ulike scenane og sjølve festivalområdet. Campingen er vist på kartet til høgre. Store delar av området blir tatt i bruk i omlag ei veke for opp- og nedrigging. I løpet av ei helg på festivalen har det dei siste åra vore 25 000 personar som har besøkt festivalen.

Ein viktig premiss for arbeidet med den heilskaplege planen er å ta omsyn til at området også blir nytt til festival.



Turveg på Torvmyrane

Tekst: Faun

I dag går mykje av løypenettet i Treungen og Nissedal høgt i terrenget. Nissedal har flotte turar som blant anna Hægefjell og Skuggenatten. Skuggenatten er eit populært motbakkeløp kvart år. Nissedal er og kjent som klatredestinasjon. Både motbakkar og klatring er ekstremsport og det er ein høg terskel for å gje seg ut på slike aktivitetar. Treungen IL ynskjer at Treungen og Nissedal skal vere for alle, både for alle innbyggjarar og for alle besökande. For å få folk ut må området leggjast til rette så det er enkelt og ferdast, samt skape høve for sosiale møteplassar. Målet er at fleire tør å ta det flotte området i bruk.

Hausten 2020 har Faun hatt oppdrag for Treungen IL med å planlegge turveg på Torvmyrane, i tilknytning til eksisterande ljosløype, og nær jernbanelinja. Treungen IL ynskjer å legge til rette for samanhengande turveg frå idrettsbanen, langs myr, gjennom skogsområde og over svaberg, til bruk både sommar og vinterstid. Det er eit ynske om å få til ein samanhengande skiløypetrase som kan bli preparert tidleg. Aktuelle aktivitetar å legge til rette med er; dagsturhytte, gapahuk, rasteplatting (sommar) og enklare møteplassar. Her skal ein kunne gå, sykle, rulle, trille barnevogn og liknande.

Traseen må ryddast, gravast og grusast. På nokre strekk over våtmark vil idrettslaget bygge klopliknande boardwalk/treplatting som er fint å ta seg fram på og skånsom for naturen. Turvegen skal vere 2,5 m brei. Lengda på nybygd turveg, både boardwalk og grusveg er ca 2km. Totalt inkludert eksisterande turvegar vil turløypenettet bli ca 3 km.

I dag er friluftslivet i Treungen og mange andre stader best tilrettelagt for dei som kan og vil gå lange og bratte turar. Barnefamiliar, menneske med nedsett funksjonsevne, eldre og lite aktive born og unge kan ha problem med fysisk meistring og psykisk motivasjon til å komme seg ut på slike turar. Ei lågterskel løype kan føre til fleire folk i aktivitet, at fleire får augene opp for å vere ute i naturen, betre folkehelse og meir sosial inkludering. Nissedal er ein kommune med stor hyttebefolking. Desse er trufaste, brukar hyttene mykje og er flinke til å bruke lokale tilbod. Treungen IL ynskjer at også hyttefolket med fysiske begrensingar skal føle seg velkomne i kommunen og ha høve til å betre helsa si med tilpassa tilbod. Familieturar vil og bli meir attraktive med eit slikt område å boltre seg i og fleire yngre vil kunne vere fysisk aktive i feriar og helger.

Dagsturhytter er blitt ein trend i heile Noreg. Særleg Vestland fylke har vore aktive med å legge til rette med slike hytter i alle kommunar. Ei dagsturhytte er eit turmål som lokkar folk ut på tur. Høvet til å kome inn under tak og gje turen eit føremål, har auka trafikken på fleire turstiar. Ofte har desse hyttene ein spanande arkitektur som gjer til at dagsturhytta blir ynda til fotografering til sosiale media. Dette kan lokke særleg yngre menneske ut på tur, ei gruppe som kan vere vanskelege å nå ut til. Idrettslaget vil legge ei dagsturhytte i høveleg avstand frå idrettsbanen og bruke denne som eit lokkemiddel for å få folk til å bruke turvegen. Dagsturhytta skal gje tak over hovudet, ha høve til grilling og det skal vere plass til å ha sosiale samlingar.

I tillegg til universelt utforma turveg, vil ein ytterlegare legge til

Turveg på Torvmyrane

rette med ljos i turvegnettet. Det er planlagt pullertar langs den nybygde vegen, samt at det er planlagt å bytte ut dei gamle mastene på den opprinnelege ljosløypetraseen, forutsatt finansiering. På denne måten blir blir heile nettet ljossett. Stolpar og pullertar skal ha ein avstand på ca 20 m, med kablar trekt i bakken. Ljos vil få fleire til å nytte anlegget i dei mørke delane av året. Ljos gjev tryggleik som til dømes at ein lettare kan sjå kven ein møter og om ein opplever desse som trygge personar. For dei unge brukarane er dette svært viktig, dei er ikkje like glad for å ta på seg hovudlykt for å gå seg ein tur. Ljossetting er ein viktig faktor når det gjeld universell utforming og design for alle, og det vil bidra til at svaksynte og kan nytte løypenetet på mørke ettermiddagar og kveldar. Ljos langs løypa vil bidra til mykje meir bruk og til betre folkehelse for fleire.


Den planlagde turvegrunden i Treungen gjev meir aktivitet rundt idrettsanlegget og kan bli eit viktig område for eigenorganisert aktivitet for fleire bustadmiljø, og viktig for organisert aktivitet for dei ulike aktivitetsmiljøa. Låg terskel for bruk av området kan føre til ei meir aktiv fritid, betre folkehelse og meir sosial inkludering.

Nokre av idrettsaktivitetane i bygda slik som fotball krev at foreldre stiller opp med transport til treningar og kampar. Det kan vere lettare å få foreldre til å stille opp når dei sjølv har eit aktivitetstilbod medan borna er på trening. Då sikrar ein at borna ikkje fell utanfor desse tilboda.. Det planlagde turvegnettet ligg midt i Treungen og er lett tilgjengeleg for både nye organiserte aktivitetar og for eigenorganisert aktivitet.

For å få folk ut må området leggjast til rette så det er enkelt og ferdast, samt høve for sosiale møteplassar. Turvegen i Treungen vil gjere samlingsplassen ved «Gapahuken» lettare tilgjengeleg. I dag må ein gå igjennom skogen for å kome til. Med den nye turvegen blir det enkelt for alle, særleg eldre og barnefamiliar med trehjulssykclar og barnevogn.


Sentrumsnær løype

Illustrasjon Faun



Turveg på Torvmyrane

Illustrasjon Faun



Nisserstien

Tekst + illustrasjon: Nissedal kommune

Nisserstien startar i Tveitsund (Treungen sentrum) og går nordover langs Nisser til Lia. Totalt er turen 6km. På vegen kjem ein oppom Røyråsen. Dette er kanskje den mest besøkte toppen i kommunen. Kanskje ikkje så rart da den ligg fint til. Her er brei sti og klopper over dei blauge områda. Stien er godt merka. Det er heller ikkje særleg langt til Røyrodden. Dersom du ikkje ynskjer å gå heile Nisserstien kan du ta ein kortare veg ved å kjøre 1,7 km nord for Treungen. Her er ein parkeringsplass på venstre side, ovanfor gardsvegen til Årak. Langs Nisserstien er det fleire fine badeplassar. På toppen av Røyråsen har Treungen IL i mange år hatt kasse med bok i.

Lengde: 6 km

Merking: God



Røyrodden

Kart: Henta frå miniguide,

3 km frå Treungen sentrum ligg Røyrodden, ein tilrettelagt rundtur, totalt 5km. Området innheld kulturminne og turen blir marknadsført som kulturvandring. Turen passar difor godt inn i konseptet med aktiv fritid i kulturhistoriske miljø.

Turstien går som eit åttetal, den eine delen ned mot Nisser, med avstikkar opp til Røråsen. Den andre delen av turløypa går på motsett sida av rv. 41, og opp i skogen nær Årak-gardane. På Åraksåsen får ein fin utsikt mot Treungen.

Her finn ein gravrøyser frå bronse- eller jernalder, nesten 1000 år gamle eiketre og 15 gravhaugar frå jernalderen, i tillegg til at ein av dei eldste garden i Treungen er å finne nær turområdet, Årak. Her er det gjort funn av forskjellige verkty, spydspissar, hesteutstur mm., alt tidfesta tilbake til vikingtida.

Turen er ein familietur og definert som ein lett tur på omlag 2 timer.



Analyse

Mogleheitskart

Illustrasjon: Faun

Det er mogeleg å finne mange turløyper i dag nær knytt til Treungen sentrum.

Turvegane blir både nytta av lokale på fritida, men også av besøkande og i samband med ulike arrangement.


Flaskehalsen er koplinga av nordre og søndre del av sentrum, som omtalt tidlegare i rapporten. Det er eit behov for ei trafikksikker som binder bygda og sentrum saman.

Kartet til høgre viser at ein med utgangspunkt i Treungen sentrum har ulike nivå, frå grøn som kan bli universelt utforma til middels krevjande terren, til dei raude rutene som er krevjande på grunn av topografiens.

Med eit løpenett slik som dette vil både lokale innbyggjarar og besøkande ha høve til ei aktiv fritid utan å måtte ta i bruk bilen for å oppsøkje naturen og merka stiar.

Samanhengande turnett

MED UTGANGSPUNKT I SENTRUM



Del 2

Potensial for sentrum

Innspel til reguleringsplanarbeidet
"Treungen sentrum nord"

Innspel til reguleringsplan

Tekst: Faun

Ein del av arbeidet med ein heilskapleg plan for Sommersletta og Treungen sentrum, er å kome med innspel til det pågående reguleringsplanarbeidet "Treungen sentrum nord". Målet med den heilskaplege planen er å sjå på korleis ein kan få til eit attraktivt område som er tilrettelagt for aktivitet og trivsel for alle med utgangspunkt i lokal historie og natur.

Faun har sett på moglegheitane for å få til meir aktivitet ved og i vatnet, ved å trekke folk ned til Nisser, både på Sommerslettasida og sentrumssida. Viktige element ein jobbar med er universell tilrettelegging, møteplassar, aktivitetar, tilrettelegging for båtar og mjuke trafikantar. Ein skal sjå det i samanheng med sykkeløype, flytebru og mogeleg klatreanlegg i lokstallen.

«Auge vendt mot Nisser»

Treungen sentrum har eit fortrinn ved at det ligg så tett inn til Nisser. Ein innsjø nærmre sentrum er ein kvalitet. For Treungen ligg det eit potensial i å tilrettelegge for aktivitet og møteplassar nær og i vatnet. I dag vender bygningane i sentrum seg mot Rv 41. Vegen er ein stamveg og viktig transportåre inn i sentrum, kommunen og regionen. Fasadane på bygningane er retta mot stamvegen, og baksidene mot Nisser. Vi ser eit potensial i å vise fram den flotte kvaliteten som Nisser er.

Den kvite "perla" med Nisser

Dei gamle arkitektoniske bygga i Treungen pregar opplevinga av sentrum positivt. Hovudsakeleg er dei fleste husa kvite, med nokre unntak slik som kommunehuset, og forretningsbygga til Spar og Coop

Prix. Ei fortetting av sentrum bør ta opp i seg dei arkitektoniske kvalitetane, farge- og materialval som ein finn her i dag, og ikkje minst skalaen på bygningane. Då vil sentrum kunne behalde det heilskaplege uttrykket. Ved gjennomført arkitektur og fargeval kan Treungen bli den kvite "perla" ved Nisser".

Fortetting mot Rv 41

Det er potensial i å fortette på vestsida av Rv 41 og vidareutvikle dagens sentrumsstruktur med hus tett inntil vegen. Det vil vere viktig å behalde dagens vegstruktur med tilrettelegging for mjuke trafikantar på båe sidene av fylkesvegen.

Redusere biltrafikk inne i sentrumskjerna.

I dag går det ein samanhengande veg «Treungvegen» frå Coop Prix, framfor kommunehuset og bak Spar. Det er lagt til rette for parkering på dei ubygde plassane inntil Rv 41. Ein viktig faktor for å få til eit attraktivt sentrum, er å prioritere dei mjuke trafikantane og legge til rette for dei. For å få til dette i Treungen, bør ein sjå på kor ein skal ha parkeringsplassar, og kva slags køyremønster ein ynskjer. Ein må legge til rette for handicapparkering i tråd med gjeldande krav, så nære som mogeleg offentlege bygg. Øvrige parkeringsplassar har ein likevel høve til å sjå på. Detaljert moglegheitskart i dette dokumentet viser forslag til ein struktur som vil legge betre tilrette for dei mjuke trafikantane.

Innspel til reguleringsplan

Tekst og illustrasjon: Faun

Turveg under Tveitsund bru

Visuelle kvalitetar nær sentrum i Treungen er både vatnet og steinhvelvbrua. Tveitsund brua er eit flott arkitektonisk element som folk flest berre ser litt av når dei kører over. Det er lagt til rette med ein enkel turveg og informasjonstavle på vestsida av brua, men kvaliteten er gøynd for dei som ikkje kjenner til det. I arbeidet med ein heilskapleg plan, er det sett på moglegheita for å ruste opp turvegen langs Nisser, og legge ein sti under steinhvelvbrua for at fleire skal få sett meir av brua. Det vil vere behov for god skilting av turvegen i sentrum, for at flest mogeleg skal få oppleve dette kulturminnet.

MOGLEGHEITSKART

Utvikling av sentrum

Overnatting

Turveg på
flyteelement/ stolper

Universell turveg langs vatnet

Aktivitetsområde

Utviding av brygge (fast)

Flytebrua

Vannaktivitetar

Brygge (fast)/trappeamfi

Fortetting mot fv.41

Gågate

Redusere biltrafikken
i området

Fortetting mot fv.41

Bygdetun

Fortetting - bustad


Turveg under steinhvelvbrua

Del 3

Planforslag for utvikling av attraktive sentrumsområder

Oversiktskart

Illustrasjon: Faun



Identitet

Tekst: Faun

Toghistorie

Karakteristiske jernbanebygg er synlege og i Treungen. Synleg i bygningsarkitekturen med lokstallen og stasjonsbygget, dreieskiva, påstigingsrampe og vanntårn som element på plassen

MATERIALBRUK: Stein og tre og jern

Klatrehistorie

Naturen i Nissedal er karakterisert med flere gode klatremuligheter. Hægefjell er kjent som et eldorado for klatrarar i både inn- og utland.

Klatrehistoria er ikke så kjent i sentrum,

Jernbanearkitektur og jugendstil i sentrum

- Jugendstil i sentrum – heilstakleg arkitektonisk uttrykk.
- Arkitekturen knytt til lokstallen, vanntårnet, stasjonsbygningen er karakteristisk arkitektonisk utrykk, og som er påskosta industribygg.
- "Jernbanearkitektur"



Inspirasjon for sentrum



Foto: LARKlandskap



Bygger'n aktivitetspark, Groruddalen frå 2015.

Design: LARKlandskap

Inspirasjon frå lekelandskap verdensparken - Oslo. Kunstrnar har designa skulpturar i sentrum som er meint til å klatre på. Det er mogelegheitar for dette i sentrumspllassen i Treungen også. Det kan vere med på å skape eit levande sentrum.



Foto: Rambøll




Lekelandskap verdensparken

Design: Rambøll

Inspirasjon for sentrum



Illustrasjon på mogeleg dekkje for sentrumspllassen. Dekke med kontrast er ein fordel for svaksynte. Foto: Statens vegvesen frå Rikshospitalet.



Illustrasjon på oppbygging av ei brygge, ei vidareføring av eksisterande bryggeanlegg ved sentrum.



Gjennomgåande val av møblement for sentrum vil gje eit ryddigare og meir heilskapleg uttrykk. Benkar av grånfuru som vist, kan passe fint.

Foto: AJ produkter

Utviklingstiltak Sommarsletta

Illustrasjoner: Faun



Eit kombinert stupe- og klatretårn vil kunne skape mykje aktivitet. Plassering av ein installasjon som dette må sjåast i samanheng med bruа og bli vurdert med tanke på vassdjubde.

Tuftepark

Tuftepark er ein utandørs treningspark og eit konsept for eigenorgansiert idrett, samt ein sosial arena. Det er ein arena der du kan utfolde deg aktivt med vener, familie eller aleine. Folk i alle aldrar er målgruppe og parken kan bli tilpassa rullestolbrukarar. Det er eit konsept og ein park der alle kan gjere øvelsar på same stad, sjølv med ulik grad av treningserfaring og styrke. Konseptet omfattar styrketrening med eigen kroppsvekt. Prisane i kostnadskalkyla omfattar Tufteparken-apparat og padding. Det er mogeleg å få spesialdesigna apparat frå Kenguru-para serien. Dette er noko som må detaljplanleggast nærmare.



Foto: Tufteparken.no

Dagsturhytte

Tekst: Faun

Formålet med dagsturhytte er å ha eit mål for turen, eller ein stad å varme seg om det er kaldt ute, ein plass å ete nysta si, og ein møteplass for tilfeldige og arrangerte sosiale treff. Dagsturhytte skal vere eit lågterskeltilbod for turgåerar som har lyst til å sette seg ned innomhus.

Inspirasjonen for å ha dagsturhytte er etter suksessen som ein har sett på Vestlandet. Tidlegare Sogn og Fjordane fylkeskommune har i samarbeid med lokale bankstiftingar og alle kommunane, hatt eit "dagsturhytte-prosjekt". Utgangspunktet for prosjektet er i visjonen deira; "Fysisk aktivitet for alle", frå regional plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv. Alle kommunane har fått på plass ei 15 kvaderatmeter stor hytte som alle har lik design. Hyttene er teikna av Rojo arkitekter i Trondheim, og bygd av Reknes Byggjevarer, som fraktar dei ferdige klare til montering på staden. I hovudsak er desse dagsturhyttene finansiert med spelemidlar, samt midlar frå Sparebankstiftinga og momsrefusjon.

Vestfold- og Telemark fylkeskommune har ikkje ein mal på dagsturhytter. Så i dette prosjektet har vi funne fram til eit anna konsept som kan passe til området. Konseptet har fokus på å få ei god oppleveling av naturen, og samtidig gjere eit minst mogeleg inngrep på staden. Nature Compact Living er namnet på eit nytt og annleis fritidsbustad-konsept, der du kan plassere bueiningar i naturen, på ein skånsom og naturvenleg måte. Gründeren er inspirert av mellom anna Juvet landskapshotell, i Valldal. Alle bileta av den potensielle dagsturhytta er henta frå produktkatalogen til Nature Compact Living, eit unikt hotell du kan booke deg inn for overnatting.

Forskjellen er at desse hyttene blir produsert for sal og at dei som har lyst kan få kjøpt seg eit lite "landskapshotellrom". Faun vore i kontakt med Nature Compact Living, og fått signal om at det er under utvikling ein versjon som heiter jakt- / og fiskemodell. Denne vil kunne passe fint som Dagsturhytte, med enkel innredning og vedovn. I tillegg kan ein få ein modul som passar som vedbu og med plass til forbrenningstoalett.




Foto: Nature Compact living

Stolpejakten

Tekst: Faun

Stolpejakt går ut på å finne stolpar sentralt plassert i ulike kommunar. Du lastar ned ein app der du kan registrere stolpane du finn. Konseptet har som mål å aktivisere folk i alle aldrar og legge til rette for auka fysisk aktivitet. Dette er blitt veldig populært, også i Vest-Telemark. Nissedal kommune sitt prosjekt har mål som er i tråd med stolpejakta sin intensjon, og kan slik sett vere eit verktøy i tillegg til den fysiske tilrettelegginga, som får folk opp av sofaen og i fysisk aktivitet. Aktuelle stadar å sette stolpar i tråd med dette planforslaget;

- Lokstallen
- Aktivitetsbru
- Dagsturhytte
- Bygdetun
- Under Tveitsund bru



Skjermdump av kart og informasjon om eit av stolpepunktata, henta frå appen Stolpejakten.

Lånevestar

Tekst: Faun

Skåp med lånevestar

Med inspirasjon frå Fyresdal, har ein i dette prosjektet foreslått lånevestar, i samband med vannaktivitet nær sentrum og Sommarsletta. Fleire av tiltaka i dette prosjektet omfattar aktivitetar som krev at ein brukar rednings-/flytevestar. Ordninga med "vestskåp" i Fyresdal vart sett i gang i etterkant av ei drukningsulykke sommaren 2018, og er eit av fleire tiltak i eit førebyggande arbeid, i regi av mellom anna Fyresdal Røde Kors. Arbeidet blir i dag vidareført av organisasjonen; "Tak vare på kvarandre- vi har ingen fleire å miste", som vart oppretta i etterkant av ulykka.

Plasserer ein skåp på ulike stadar i bygda, med vestar som alle kan låne gratis, vil det vere enkelt å ta i bruk. Folk kan henge vesten tilbake i eit anna skåp, og med faddarar som har jamnleg tilsyn med skåpa og passar på at det alltid er vestar der, blir dette ei god ordning. Vestane bør bli tatt inn om vinteren, og heng ute i perioden 1.mai til 1.desember.

Det bør vere tre ulike barnestorleikar for barn og for ungdom/vaksne. Oransje barnevestar: 10-20 kg, 20-30 kg, 30-40 kg. Svarte ungdom/vaksenvestar: 50-70 kg, 70-90 kg og 90 kg+.

Skåpa i Fyresdal er teikna av Jörg Pohl i Fyresdal, og Aktiv Lek i Fyresdal kan produsere desse skåpa i vannbestandige materialale som toler å stå ute heile vinteren. Teksten på skåpet kan ein tilpasse konkret i kvar bestilling.

Det bør også bli lagt til rette med redningsbøye på strategiske stadar, som kan vere tilgjengeleg om det er behov for det.



Skåp med lånevestar. Foto: Fyresdal Rødekors

Utviklingstiltak sentrum

Tekstr: Faun

Foreslalte tiltak er vist p forslag til plankart.

1) Bryggeparken (brygge for batar som skal legge til i sentrum)

Forlenge eksisterande brygge - for badeaktivitet og soling
Sentrumsbrygga - for batar
Plenen vil vere eit egna areal som møteplass for soling og avslapping.
Beplantning for å avskjerme og dempe innsyn frå kommunehuset.

2) Gågata - relativ rett linje frå gang- og sykkelbrua til fortau ved rv. 41.

Hindre gjennomkjøring på tvers av alle asfaltflatene sør for rv. 41.

3) Sentrumspllassen

Samlingsstad nær brua og vasskanten
Sitteplassar (gjennomgåande møbelement i sentrum)
Beplatning (tre og buskar som passar til plassen)
Klatreinnstallasjon (plassering er avhengig av størrelse og form).

4) Sentrumshage/ aktivt bygdetun


Tilrettelegging for næringsaktivitet i bygda (overnattning, museum, galleri eller liknande...)

Felles sentrumshage - dyrkingsprosjekt - læring og fellesskap.
For rekreasjon i historiske miljø

5) Sentrumsløypa - Gang og sykkelbrua til Spar og ned langs sentrumsgata med jugend-arkitektur

6) Aktivitetsbru/flytebru - Ei brukoping mellom sentrum og Sommarsletta er ei svært viktig kopling som er med på å binde saman nordre og søndre del av bygda. Brua

vil vere eit viktig tiltak for å betre trafikktryggleiken i sentrum. i tillegg til å vere ein attraksjon og eit område for aktivitet. Fersel i samband med arragement og aktivitetar på Sommarsletta vil også bli forbetra og vil gje ei betre samankopling av aktivitetstilbod på Sommarsletta og handelstanden. Ei universell løysing vil gjere området meir attraktiv og tilgjengeleg for alle. Viser til del 1 i denne rapporten, for å sjå illustrasjonar og teikningar på korleis bru er tenkt løyst.



Eksisterande bygg

Små
fotballmål
som kan
bli flytt på
ved
arrangement

Volleyballnett
som kan
bli flytt på
ved
arrangement



Konsertscene/
uteservering

høyt dekket

Aktivitetsskur

Tuftepark/
KenguruProPara

Basketball



Leiketog
for barn

Togrøpe

Sovevogn


Felles saniteranlegg
på Sommarsletta




Tekning

Detalj
Sommarsletta
aktivitetsområde

Prosjekt: utvikle områder nær sentrum
Oppdragsgiver: Nittedal kommune
Utarbeidet av Foun
Dato: 28.10.2020



0 1 2 3 4 5 10 15



Utviklingstiltak for Sommarsletta

Tekstr: Faun

TOGELEMENT

forsterkar historia og gjer opplevinga av staden meir unik.

Sovevogn

OVERNATTING

Tilføre området intakte gamle sovevogner eller reinnrede gamle togvogner til soveboksar med moderne uttrykk.

Aktivitetsvogn

KLATRING OG ROLLELEIK

Vogn med innredning gjev dei minste rom for rollelek med historisk utgangspunkt – ein praktisk tilnærming til identitetsskaping og læring i lokalhistorie.

Vanntårn

OVERNATTING / DAGSTURHYTTE

Moderne informasjonspunkt for området og potensial for overnatting

Dreieskive

SCENE/ UTANDØRS KONSERTSAL

Konsertscene kan vere anten oppe på bakkenivå eller nede i gropa til dreieskiva.

Togperrong

UNIVERSELL TILKOMST

Oprinnehelg perrong står intakt og vil kunne bli nytta som universell tilkomst til autentiske sovevogner. Desse kan bli nytta som overnattingstilbud.

Del 4
Klatrehall på Sommarsletta
Historisk identitet, folkehelsetiltak og næringsutvikling



Lokstallen som klatrehall

Ta vare på gjennom bruk
og formidling av historie gjennom aktivitet

Klatrehall i lokstallen

Gjennom bruk og tilrettelegging for klatrehall i den gamle lokstallen, vil ein kunne ta betre vare på bygget og historia i framtida. Bygget vil vere viktig knutepunkt for utviklinga av sentrumsområdet og Sommarsletta. Gjennom moderne formidling ved bruk av store fotografier på aluminiumsplater eller stoffbannere vil ein kunne skape ei unik stemning i bygget.

Klatrehall i lokstallen vil kunne

- Åuke attraksjonskrafta for næringsutvikling og reiselivet lokalt og i regionen
- Forsterke og synleggjere toghistoria og klatreidentiteten til kommunen
- Forsterke Nissedal som eit klatreeldorado
- Unikt aktivitetstilbod i regionen
- Ha potensial for å bli eit interkommunalt klatreanlegg, og vere til glede for klatreglade folk i regionen
- Kunne vere ein mangfoldig og inkluderande læringsarena for lokalbefolkinga og besøkande, uavhengig av funksjonsevne. Det forutsett at det er fokus på universell utforming i vidare planlegging, og at ein tenker innovativ for å få til løysingar som gjer det mogeleg for alle å nytte seg av tilboden.
- Møteplass for lokalbefolking, hyttefolk og besøkande
- Bli ein innovativ og attraktiv klatrehall for alle

IDENTITET

KLATRESENTER I LOKSTALLEN
forsterkar og synleggjer klatreideniteten og toghistoria

Klatring


- + toghistorie
- + historisk bygg
- + moderne arkitektur
- + fokus på tilrettelegging for alle
- = unik klatrehall



Foto: Ukjend





Arkiv: Norsk jernbanemuseum

Eksisterende plan



Illustrasjon: Sanden & Hodnekvam arkitekter

Eksisterande snitt



Kven er framtidig brukar av klatrehallen?

Definer – bygg – illustrer

Ei ungdomsgruppe og ei vaksengruppe frå Treungen deltok på ei workshopsamling i Treungen, 3.juni 2019. Det vart delt inn i ei ungdomsgruppe og ei vaksengruppe. Tre elevar frå Treungen Skule representerte ungdomsgruppa. Dei var engasjerte og kom med gode innspel på kva som kan vere aktuelle målgrupper å nå ut til og tilrettelegge for. Medan vaksensgruppa bestod av representantar for klatrekubben, dagens leidgetakrar av lokstallen og kommunerepresentanten i prosjektgruppa.

Fokuset og føremålet med workshopen var å kome fram til aktuelle målgrupper og brukarar av ein klatrehall. Dette for å kunne klare å legge til rette på ein god måte. For å sette igang kreativiteten gjennomførte gruppene ei tredelt oppgåve; definér, bygg og illustrer, og fylgjande oppgåver skulle bli svart ut;

DEFINER kva dei besøkande av klatrehallen er opptekne av – kva slags interesser dei har og bruksvanar.

BYGGE lego for å få eit forhold til kva som er viktig for den enkelte målgruppa. Det er enklare å vere meir leiken og kreativ, tørre og prøve å lage litt ulike typer. Universell måte å få uttrykke seg på, uavhengig av teikneferdigheitar.

ILLUSTRER for å få fram detaljar som kan framheve karaktertrekk med den enkelte målgruppa.

Vidare i planen fylgjer bilete av figurar, tekstar og illustrasjonane som vart produsert på workshopen. Innspela har vore nyttige i arbeidet med moglegheitsstudien.



Målgrupper/personas

Kven er den framtidige klatraren i lokstallen?

Leikar'n

- Alder?
- Glad
- Likar nye ting
- Sjøvgående
- Sosial
- Ikke redd for å mislukkast



Den som ikke passar inn i lagidrett

- litt stille
- ...eller bråkete
- han som ikkje er så god i fotball
- ho som aldri syns
- som syns kommunikasjon er oppskrytt
- veks på meistring
- Den nye "bomsen" (ressurs)



Den trendy turisten

- Gjer det som er "in"
- Rett utstyr
- Skryt av det han har gjort til andre
- Kjem aldri aleine
- Har hytte i kommunen
- Elsker nyheiter/nye destinasjonar



Adrenalinjunkien "bomsen"

- dedikert
- kan klatre
- stille
- soloartist
- kunnskapsrik
- gode "skills"
- kan brukast
- ekte



Nybegynner

- Folk som ikke kan klatre
- Hyttefolk
- Vil teste ut noko nytt



Utlending

- Gode /holdt på lenge
- Er i Treungen for å klatre
- Har det dei treng
- Leiter etter utfordringer
- Sover ute



Instagrameren

- Bra, men fint utstyr
- Byfiser
- Hotell, campingvogn eller hytter
- Setter ut telt for å få bra bilder
- Bildene er viktigst
- Gjer alt for eit bra bilette



Prosbros

- God i alt
- Har det dei treng
- Sover i telt
- Det beste utstyret
- Gjer ikkje opp
- Begynner med det vansligste



Engasjement



krav til klatreanlegg

Krava til mellomstore klatreanlegg er at dei skal vere minimum 13 meter høge og ha eit totalt areal på minimum 240 kvm.

Samla sett oppfyller vedlagt forslag til klatreveggar i lokstallen desse krava. Med eit samla areal på 251 kvm og høgste punkt på 13 meter.

Vurderinga til Tjelemland Friksjon AS er at dette gjev rett til økonomisk stønad på 3 millionar kroner, gjennom spelemiddelordninga.

Klatreforbundet tilrar at ein kjem inn i rommet med lift, noko som er ein fordel når ein skal skruve nye ruter. Dette vil ein kunne få til i lokstallen, ved å gjøre om portane, slik at ein kan opne dei.

Lokale klatrarar bør ha utdanning/kurs i å sette ut nye ruter.




Kulturmiljø og moglegheitar for bruk

Lokstallen er ikkje freda etter kulturminne loven.
Bygget er frå 1913-1914 har ein lokal og regional kulturminneverdi og det ytre må bli ivaretatt.


Faun har i løpet av prosjektperioden vore i kontakt med Vestfold og Telemark Fylkeskommune v/ Eystein M. Andersen, antikvar/ Rådgiver Team kulturarv. Dei er positive til ny bruk. Dialogen har gått på heving av taket for å få tilfredstilande høgde, og korleis ein på best mogeleg måte kan gjøre dette. Det har vore gjennomført fleire fellesmøter med fylkeskommunen, arkitektane, kommunen, Tjømeland og Faun, for å avklare moglegheitsrommet.

Lengre bak i dokumentet følger tekst frå eit notat som Sanden & Hodnekvam arkitekter utarbeidde i etterkant av møtene vi har gjennomført, og som eit grunnlag for å få ei uttale frå Fylkeskommunen. Det har vore ynskjeleg med ei uttale frå Fylkeskommunen der dei støttar framlegg til endring av lokstallen, før ein set i gong ei kostnadskrevjande detaljprosjektering.



Utfordringar

Takhøgda er bare 9,5m på det høgaste



Lokstallen

Utfordringar

Utfordringar med dagens bygg
Dårleg isolert, kostbart å varme opp
To varmepumper
Fyring i forkant av opningstidene av leikeland

Temperaturkrav til klatrehall
I fylge rettleiaren skal klatrehallar normalt bli dimensjonera for innetemperatur opp til 22 grader.
Normal driftstemperatur kan vere 16–18 grader, men det er kjøleg for publikum.

På bakgrunn av dialog med SIAT (Senter for idrettsanlegg og teknologi) og byggmeister, og med omsyn til bygningsvern, miljø og økonomi frarådar fagfolk på det sterkeste utvending isolering.

Forslag i prioritert rekkefølge:

Varevindauge med isolerglas eller utskifting av glas i eksisterande vindauge (portane bør også bli vurdert i denne samanhengen)

Først når dei nevnte tiltaka er gjennomført kan det bli vurdert ytterlegare tiltak.

Tilrår innvendig etterisolering med mineralsk isolerpuss (<https://www.isokalk.no/>) eller eventuelt trykkfast mineralsk materiale (multipor isoleringssystem eller tilsvarende).

I tillegg kan ein sjå på
- energibesparande tiltak i samband med oppvarmings- og ventilasjonssystemet



Løysing på utfordringa

Tekst og illustrasjon: Faun

Takhøgda i lokstallen er 9,5 meter på det høgste punktet innvending. Minimum krav til frihøgde for ein mellomstor klatrehall er minimum 13 meter.


Faun har i løpet av prosessen vurdert ulike måtar å tilfredsstille dette kravet.

- 1) Ta i bruk "reperasjonsgrava" frå den opphavelege lokstallen/ lage ny. Vil både løyse funksjon og vise fram historia gjennom anna bruk.
- 2) Utvide høgda på bygget ved å tilføre et påbygg.
- 3) Vurdere bygget som uegna og bygge nytt.

Faun konkludera etter dialog med byggmeistar, kommunen og arkitekt, at bygget hadde potensial dersom ein fekk til ei heving av taket. Det har vore ein dialog med fylkeskommunen si kulturminneavdeling, om dei kan tillate at ein gjer endringar i arkitekturen. I lag med kommunen, Sanden & Hodnekvamn arkitekter, Tjelmeland Friksjon AS har Faun i prosjektet gjennomført fleire teamsmøter med fylkesantikvar Eystein M. Andersen.

Det vart konkludert tidleg at det aller beste for lokstallen og kulturhistoria er at bygget er i bruk, og at klatrehall som formål er fylkeskommunen er positive til bruk som klatrehall.


Drøftingane omfattar korleis ein på best måte kan få designa eit bygg som både tar vare på kulturhistoriske byggetradisjonar, toghistorie og samstundes innfrir krava til klatrehall og dei funksjonane kommunen ynskjer.



Høgda vart drøfta. Ideelt sett skulle ein gjerne ha hatt 15 m eller meir for å få optimal høgde, men denne høgda er ikkje foreneleg med det arkitektoniske uttrykket. Arkitektane, i samarbeid med Tjelmeland friksjon, har funne ei løysing med å foreslå eit påbygg med 13 meter frihøgde innvending, på den nordvente taksida. Denne løysinga er det vi har jobba vidare med og gjort forsøkt på å avklare med fylkeskommunen. Vidare følgjer skisser, argumentasjon og utsegn frå dei ulike partane kva gjeld denne løysinga.


Ny plan

Illustrasjon: Sanden & Hodnekvam arkitekter



Snitt A

Illustrasjon: Sanden & Hodnekvam arkitekter



Skisseutkast må
detaljprosjetteres og
gjennomgås av
entreprenør.
Målene på tegningene
er kun veiledende, og
må kontrollsjekkes av
utførende.

Snitt A

2.02 Nissedal Kommune

Lokstallen klatrehall Treungen
03.03.2020 12:100
Seksseprosjekt

2005


8. Tegnplaten er i statisk, 25 mm høyde (2,5% brettet) med 100x200 mm betong i grunn + 100 mm betongoppfylling over klatretaket. 25 mm betongoppfylling over klatretaket ved takvegg. 25 mm betongoppfylling over klatretaket med 100x200 mm betongplater. 25 mm betongoppfylling over klatretaket ved takvegg. Sanden+Hodnekvams teknikker for jord- og vannskader ved vanninngangspunkter.

PI. 001-1
111-1 1.11
1-11
1-11
1-11

SANDEN+HODNEKVAM
Sanden+Hodnekvam Arkitektur AS, NMB44
95 75 36 36 / post@sandenhodnekvam.no / sandenhodnekvam.no

Ny fasade sørvest

Illustrasjon: Sanden & Hodnekvam arkitekter



Skisseutkast må
detaljprosjetteres og
gjennomgås av
entreprenør.
Målene på tegningene
er kun veiledende, og
må kontrollsjekkes av
utførende.

Ny fasade sørøst


Illustrasjon: Sanden & Hodnekvam arkitekter



Skisseutkast må
detaljprosakteres og
gjennomgås av
entreprenør.
Målene på tegningene
er kun veiledende, og
må kontrollsjekkes av
utførende.

Ny fasade nordvest


Illustrasjon: Sanden & Hodnekvam arkitekter



Skisseutkast må
detaljprosje克tes og
gjennomgås av
entreprenør.
Målene på tegningene
er kun veileder, og
må kontrollsjekkes av
utførende.

Ny fasade nordøst


Illustrasjon: Sanden & Hodnekvam arkitekter



Skisseutkast må detaljprosjekteres og gjennomgås av entreprenør.
Målene på tegningene er kun veilederende, og må kontrollsjeskes av utførende.

Utforming påbygg

Illustrasjon: Sanden & Hodnekvam arkitekter




Arkitektonisk attraksjon

Illustrasjon: Sanden & Hodnekvam arkitekter

Visjon:

Kjensla av å klatre ute, innandørs, med utsikt til dei ekte klatrefjella i Nissedal



Design av klatreelement


Tekst + illustrasjon: Tjelmeland Friksjon

Tjelmeland sitt fokus i dette arbeidet har vært på å lage en funksjonell formgivning innenfor de mulighetene og begrensningene som bygget gir. Samtidig er det mange små detaljer som skiller gode klatrevegger fra dårlige. Krav til disse detaljene er relativt godt dekket i Norges klatreforbunds veileder for bygging av klatreanlegg og NS-EN 12572, og det kan være fornuftig å henvise til disse dokumentene i en anbudskonkurranse i tillegg til konseptbeskrivelsen.

Utgangspunktet er en frittstående konstruksjon som er plassert i midten av lokalet. Anlegget består av tre soner. Det er 13 meter høye klatrevegger på utsiden av konstruksjonen. Det er buldring inni i konstruksjonen og det er 8 meter høye klatrevegger for barn og nybegynnere over buldringen.



Hovedvegger

For å gi nok naturlig lys inn på buldringen og nybegynnerarealet foreslår vi tre separate hovedvegger sånn at det kan slippe inn lys mellom dem. Sånn veggene er utformet i dette forslaget er det totale arealet 262 kvadratmeter. Dette betyr at veggene samlet sett oppfyller kulturdepartementets krav til «mellomstore klatreanlegg». Noe som gir rett til inntil 3 millioner i tippemidler. Veggene har til sammen 13 ledelinjer. De varierer i bratthet fra loddrett til moderat overhengende. Den bratteste linjen i dette forslaget er 2 meter overhengende. Sånn veggene er utformet nå er de tilpasset brukere på alle nivåer, de vil også være egnet for å avholde lokale klatrekonkurranser.



Hovudveggar



Illustrasjon: Tjelmeland Friksjon



Buldreveggar

Tekst + illustrasjon: Tjelmeland Friksjon

Buldreveggene er fordelt i to områder. Vårt forslag er at det legges til rette for barn og nybegynnere på de veggene som vender ut i rommet. Disse har et samlet areal på 52 kvadratmeter. Disse veggene varierer fra svakt overhengende til sva. På innsiden av konstruksjonen er det til sammen 78 kvadratmeter med buldring. Disse veggene er litt høyere og samlet sett litt brattere og er bedre tilpasset dem som vil trenere aktivt. Det samlede arealet er på 130 kvadratmeter og tilfredsstiller kulturdepartementets og Norges klatreforbunds krav til «små buldreadanlegg» noe som gir mulighet for opp til 1,5 millioner i tippemiddeltilskudd.




Nybegynnerveggar

Tekst + illustrasjon: Tjelmeland Friksjon

Nybegynnervegger

For å utnytte plassen anbefaler vi å bygge et nybegynnerområde over buldringen. Erfaringen viser at 13 meter ofte er for høyt for barn og nybegynnere. Det er også fornuftig å ha et atskilt område der det kan arrangeres kurs og ha barnegrupper, samtidig som resten av senteret er i normal drift. Veggene er 8 meter høye og har et samlet areal på 130 kvadratmeter. Veggene har 11 linjer. 2 av linjene er sva og resten er loddrett.



Andre element

Tekst: Tjelmeland Friksjon

Klatregrep

Det totale antall kvadratmeter med klatreflate er 522. Vi anbefaler minimum 5 grep pr kvadratmeter. Noe som gir et behov for 2610 grep. Det er viktig at grepene kommer fra flere produsenter og at det er krav til gjennomsnittsstørrelsen.

Fallunderlag

Fallunderlag er en betydelig kostnad. Det er behov for ca 135 kvadratmeter med fallunderlag under klatreveggene. Vi anbefaler gummimatter som er minimum 75 mm tykke. Under buldrevveggene er det behov for ca 73 kvadratmeter med tjukkas. Vi anbefaler en filtoverflate.

Trapp og mesanin

Mesaninen er på 34 kvadratmeter. Dette vil være en relativt enkel konstruksjon, som vi har gitt et forpliktende pristilbud på i et eget vedlegg. Trapper og rekkverk anbefaler vi å få produsert fra andre leverandører. Men det kan være hensiktsmessig at klatreveggleverandøren monterer. Trappen som er tegnet inn må forstås som en illustrasjon fra en klatreveggdesigner på litt dypt vann...Og fortjener nok en runde gjennom noen ordentlige arkitekter.

Autobelayer

Vi anbefaler sterkt at anlegget utstyres med automatsikringer. Dette senker terskelen betraktelig for at nybegynnere skal komme i gang med klatring. 3 til 5 stykker kan være passelig.

Bærende konstruksjoner og laster

Sånn anlegget er utformet så er det praktisk talt selvbærende. Om det ikke er mulig å feste seg inn i bygget vil det være behov for kryssavstivning mellom klatreveggene i toppen. Vi har utført styrkeberegnninger av veggene. Det maksimale horisontale strekket som vil oppstå er 3,87 KN (se tabell under).

Det vil være tilstrekkelig med 100 mm x 100 mm firkantrør i krys mellom veggene (se illustrasjon under). Det er viktig å påpeke at disse lastene er beregnet ut fra Tjelmeland Friksjon AS sitt bæresystem og at andre leverandører kan ha systemer som gir andre laster.

Vegen vidare

Tekst: Tjelmeland Friksjon

Mulig reduksjon av areal

I den første skissen vi sendte var klatrearealet for hovedveggene under 240 kvadratmeter, som er grensen for å bli klassifisert som mellomstort anlegg. I dette forslaget er det totale arealet 262 kvadratmeter. Det er derfor mulig å redusere arealet med 22 kvadratmeter og likevel kvalifisere til mellomstort anlegg. Vi anbefaler at dette blir gjort. Dette vil redusere prisen med ca 150 000,- samtidig som det blir større avstand mellom veggene. Designerens vurdering er at buldrerommet i midten ble litt for klaustrofobisk i dette forslaget.

Brattere veger?


Sånn veggene er utformet nå er de veldig godt egnet for nybegynnere og klatrere på et moderat nivå. Men vi tror det er lurt å inkludere klatremiljøet i en diskusjon om det også bør være noen brattere linjer. Dette vil ikke ha noen konsekvenser for prisen, men kan føre til færre linjer og redusert kapasitet.

Inkluderende anlegg

For at anlegget skal bli populært er det viktig at det har en inkluderende utforming og alle brukergrupper er ivaretatt. Myndighetens krav til universell utforming er at alle skal ha tilgang til byggets hovedfunksjoner. Vår tolkning av dette har vært at dersom vi bygger en mesanin som bare har trappeadkomst, kan det ikke være aktiviteter på dette nivået som ikke også finnes på hovednivået. Men i dette forslaget blir mesaninen det åpenbare samlingspunktet for barn og nybegynnere. Og det bør tenkes videre rundt hvordan vi kan få til en tilkomst som ikke ekskluderer noen brukergrupper.

Påbygg lokstallen

Tekst og illustrasjon: Sanden & Hodnekvam arkitekter



Den eksisterende hallen har hatt skader på taket, slik at dagens tak er enkelt utført med ulisolerte OSB-plater. Et påbygg bør derfor være mer akseptabelt iht kulturmiljøs vurderinger. Dersom påbygget blir gjennomført vil prosjektet naturligvis også tilføre et nytt tak over hele volumet slik at det beskyttes bedre og bygningen vil på den måten også bli tatt bedre vare på enn det som er tilfelle pr i dag.

I prosessen har vi undersøkt muligheten til å gjøre påbygget som en manehatt, etter innspill fra Fylkesantikvar. Manehatter er karakteristiske for lagerhallar og fabrikker fra samme tidsperiode.

og lokstallen hadde også noen små piper. Disse manehattene er som man ser på gamle fasadeopprikk mye mindre enn det som kreves for å få til en god klatrehall. Det organiske skraverte området er et minimum av areal som kreves, og vil til som et hull i taket og ikke tilføre rommet særlige kvaliteter utover det å kunne brukes som klatrehall. Vi mener det er viktig at et relativt omfattende takat på bygningen må tilføre vante kvaliteter, og ikke bare spesieltpasset tilaket til en begrenset bruk som klatrehall.

Vi mener det skisserte tilaket gir en bedre romlig kvalitet og legger til rette for en videre fremtidig bruk av bygningen. Forskjellen mellom å legge et påbygg på monet og forestått plassering er svært liten, slik at vi mener at den beste bruken av bygningen bør defnire hvilken variant vi bør gå for. Vi foreslår derfor, i samråd med kommunen, at vi undersøker foreslått tilak i den videre prosessen, men i fortsatt dialog og samråd med Fylkesantikvar.

Notat til fylkeskommunen

Tekst: Sanden & Hodnekvam arkitekter

Lokstallen på stasjonsområdet i Tveitsund, Nissedal, er et flott bygg som markerer en viktig del av kommunens industrihistorie som endestasjon på jernbanen til Arendal. Bygningen er i svært dårlig forfatning, og har ikke blitt tatt skikkelig vare på siden nedleggelsen av jernbanen på midten av 60-tallet. Det har vært tanker om å ta bygningen i bruk som bibliotek eller kulturhus, men for ca 15 år siden ble det i stedet bygd et flerbrukshus i tilknytning til skolen.

Lokstallen har siden nedleggelsen av jernbanen dermed blitt brukt som lager, lekland og skatehall, men uten midler til vedlikehold. Bygningen har forfalt jevnlig, og det trengs en ny bruk av bygningen som kan skaffe nødvendige midler til både etterslep på vedlikehold, nødvendige oppgraderinger og fremtidig drift.

Nissedal kommune har leid inn Faun til å se på en helhetlig plan for stasjonsområdet. Sanden+Hodnekvam arkitekter har også blitt leid inn både for å se på området som helhet, og lokstallen spesielt. Ideen om å utvikle bygningen til klatrehall har kommet fram i dette arbeidet, i dialog med Nissedal kommune.

Nissedal har et aktivt klatremiljø og stor klatreturisme. Det er en bred enighet hos både kommunen og innleide fagfolk om at klatrehall er den beste utviklingen av bygningen, og det eneste vi tror faktisk kan ha mulighet til å skaffe bygningen de nødvendige midlene for å unngå ytterligere forfall. Det er relativt mye turisme i kommunen sett opp mot folketallet, men relativt lite aktivitetstilbud bortsett fra friluftsliv. Det er etterspørsel etter innendørs aktiviteter og møteplasser både for lokalbefolkning og turister. Klatremiljøet, med både en aktiv klatreklubb og Fri Flyt Klatrefestival som arrangeres hvert år gir kommunen tro på at en klatrehall i den gamle lokomotivstallen kan bli aktivt brukt hele året av en bred gruppe, og at det dermed kan skaffe nødvendige inntekter.

Som fagfolk innen arkitektur og kulturminnevern, og gjennom dialog med Eystein Andersen, fylkesantikvaren i Vestfold og Telemark Fylkeskommune og Nissedal kommune, har vi også stor tro på ideen, og tror at en utvikling av bygningen til klatrehall er den desidert beste sjansen til å skaffe midler og ta vare på bygningen. Vi er redd for at dersom dette arbeidet ikke vinner fram, vil lokstallen fortsatt bli stående og forfalle. For å utvikle bygningen til klatrehall tok Faun kontakt med Norges klatreforbund for å sjekke ut kravene som stilles til en klatrehall. Lokstallen med sine 9m på det høyeste tilfredsstiller ikke kravene som er anbefalt av Norges klatreforbund, og resultatet ville blitt et dårlig anlegg. Ideen med å løfte taket kom, etter vurdering av muligheter for å senke gulvet. Arkitekter ble engasjert til å hjelpe med å skissere et påbygg og Tjelmeland Friksjon som eksperter innen klatrehaller til å skissere muligheter for klatreløsninger inne i lokstallen.

Tjelmeland Friksjon tror at Nissedal med lokstallen som klatrehall kan bli en annerledes klatrehall enn det vi vanligvis ser, og en destinasjon som klatrere vil reise til. For flere aktuelle støtteordninger, blant annet tippemidler, kreves det helst en høyde på 15m fri høyde. Arkitekt mente at 15m fri høyde blir for høyt for bygningen, og har sammen med Tjelmeland Friksjon funnet ut at vi heller bør sikte mot en fri høyde på 13m, som er den laveste akseptable høyden som tilfredsstiller søknadsordninger. Selv om et påbygg blir relativt høyt mener vi det er den beste løsningen for å ta vare på bygningen og det kulturminnet både bygningen og området er. Et tilbygg eller frittstående bygg vil ikke fungere like godt i situasjonen, og vil heller ikke gi det nødvendige økonomiske løftet som lokstallen trenger.

Notat til fylkeskommunen

tekst: Sanden & Hodnekvam arkitekter

Et påbygg vil også kunne løfte den eksisterende hallen til å bli et enda flottere rom enn det det allerede er. En oppgradering og ombygging til klatrehall er tenkt løst på en slik måte at hallen også kan brukes til andre typer arrangement. I vurderingen av påbygget er det ikke nok å bare vurdere hvordan påbygget sitter sammen med det eksisterende bygget i fasadeopprikk, men også at innvendige romlige kvaliteter blir så gode som mulig slik at investeringene også skaper et godt rom som kan legge til rette for en bred bruk av bygningen, og dermed også være med på å sikre videre bruk og drift.

Selv om forslaget viser en høyde som er ca 2m lavere enn ønskelig høyde fra Norges klatreforbund kan påbyggets fasade se noe høy ut på vedlagte illustrasjoner. Vi ønsker da å påpeke at de vedlagte illustrasjonene viser de mest dramatiske fasadene. Fra adkomsten til området, og bygningens viktigste utsikt utenfor de store portene mot sør, er påbygget langt mindre synlig.

Sammen med oppdragsgiver Nissedal kommune har vi hele veien vært opptatt av en god dialog med fylkesantikvar, og vi har derfor hatt flere møter om mulige løsninger. Innspillene fra fylkeskommunen tror vi langt på vei kan inkluderes i det videre arbeidet. Skissene av påbygget viser en grønn lett konstruksjon som tar utgangspunkt i fargen på eksisterende detaljer i grønnmalt treverk på bygningen. Det gir ikke mening å videreføre de store natursteinsmurene, da resultatet vil gjøre at lokstallen vil få en annen form enn opprinnelig, og den eksisterende konstruksjonen blir lite lesbar. En lettere konstruksjon gjør at det gamle bygget blir lesbart, samtidig som påbygget er nytt vil det harmonere godt med den eksisterende lokstallen. Vi ønsker i det videre arbeidet med

prosjektet å se mer på en ytterligere tilknytning mellom påbygg og eksisterende bygg, da vi tror det ligger mye potensiale i detaljering, konstruksjon og materialbruk. Lokstallen er en form for påkostet industribygning som er et interessant utgangspunkt for videre prosjektering. Vi ønsker å undersøke lette konstruksjoner, synlige/lesbare materialoverganger og detaljering som f.eks skrudd stål, fagverksbjelker, metallnagler og andre detaljer fra jernbanearkitekturen fra tidlig i forrige århundre, og inkludere slike detaljer i det nye påbygget for å knytte det gamle og det nye godt sammen.

For å utvikle prosjektet videre og kunne få til en oppgradering og påbygg som kan være med å sikre lokstallens videre eksistens er vi avhengig av en positiv uttalelse fra fylkesantikvar. Selv om fylkesantikvar egentlig bare er rådgivende i saken, ønsker ikke kommunen å gå på tvers av fylkesantikvarens uttalelse i en byggesak. Kommunen kan derfor ikke gå videre med prosjektet dersom vi ikke mottar en uttalelse fra fylkesantikvaren som viser en positiv innstilling, slik vi har oppfattet i dialogmøtene. Vi er klar over at vi likevel må bygge opp en god sak i dispensasjonssøknaden, men dette er også et større arbeid som vil kreve pengestøtte.

Vi håper med dette at fylkesantikvaren kan se på prosjektet på nyt, gi oss en uttalelse om prosjektet, og at vi kan fortsette en god dialog framover, slik at vi kan ta vare på lokstallen gjennom en ny bruk og en etter lengtet oppgradering.

Alternativ design

Illustrasjon: Sæden & Hodnekvam arkitekter



Illustrasjoner av alternative fasedeløsninger som kan bli vidareutvikla i neste fase.

Uttale frå fylkeskommunen



Vestfold og Telemark
FYLKESKOMMUNE

NISSEDAL KOMMUNE
TREUNGEVIEN 398
3855 TREUNGEN

Att.:Anne Margrethe Espelid

Seksjon for kulturarv
Vår dato: 28.10.2020
Deres dato: 23.09.2020
Vår referanse: 20/23025-6
Deres referanse:
Vår saksbehandler: Eystein M. Andersen

Svar - Klatrehall i lokstallen på Sommarsletta

Vi syner til førespurnad om tilråding i brev frå kommunen av 23. september 2020. Vi er lei for at svaret har latt vente på seg. Vi syner også til tillegare dialog.

Kulturarv si rolle i byggesaker

Vestfold og Telemark fylkeskommune ved Kulturarv er regional kulturminnestyremakt. Vi gir råd og rettleiring til kommuner i byggesaker med nasjonal og regional kulturminneinteresse, og har rett til å klage på vedtak i dei same sakene.

Vernestatus

Lokomotivstallen ligg i omsynssone kulturmiljø og er gitt vern i gjeldande reguleringsplan for Tveitsund bru og Sommersletta. Føresegndene seier mellom anna: *Bygg og anlegg innom denne omsynssonene har kulturhistorisk bevaringsverdi. Bygningar kan bare ombyggast eller ominnreisast under føresetnad av at eksteriøret blir bevart eller ført tilbake til meir opphaveleg utsjānad. Kommunen kan godkjenne nybygg og tilbygg innanfor rammene planen elles gir, under føresetnad av at desse i form, storlek, material bruk og farge harmonerer med, og underordnar seg den eksisterande bygningsmassen.*

Kulturminnefagleg vurdering

Lokomotivstallen på Sommarsletta er eit viktig lokalt og regionalt kulturminne knytt til Treungenbanen. Fylkeskommunen er positiv til at dette bygget kan få ny bruk framfor å stå og forfalle utan bruk. Bruk som klatrehall kan vere ei god løysing.

Dei skissene som er lagt fram vil kreve dispensasjon frå gjeldande plan som ikkje gir rom for påbygg. Vi ser at det kan vere vanskeleg å finne løysingar herre innafor ramma av tilbygg, og vil ikkje motsetje oss prinsippet om eit påbygg på taket. Det vil vere eit spørsmål om volum, utforming og materialbruk.

Vi har i samtalar akseptera ei auke frå dagens ni meter til maksimalt tretten meter høgde. Vi har vidare opna for at denne endringa kan gjerast i form av ein takryttar eller ved å løfte takflata på baksida mot nord som skissert i oversendinga her. Ei løysing med takryttar vil vere tilpassa bygget som eit industrielt bygg, men vil gjere eit større inngrep og endring av framsida av bygget. Den skisserte løysinga vil vere

Postadresse: Postboks 2844
3702 Skien
Besøksadresse: Fylkesbakken 10, Skien
Svend Foynsgate 9, Tønsberg
Sentralbord: 35 91 70 00
post@vtfk.no



Vestfold og Telemark
FYLKESKOMMUNE

betre for framsida av huset, men er vanskelegare å tilpasse i form og karakter. Det bør gjerast greie for verknaden av dette både på nært hold og fjernverknad frå mellom anna andre sida av Tveitsund bru. Refleksjon frå glas må unngåast.

Det må arbeidast med bruk av tradisjonelle materialar, og å finne tilpassa utforming og farger. Påbygget kan ikkje framstå som ein kontrast. Bruk av farger frå dagens bygg, til dømes grønt er positivt. Dersom ein går for å løfte taket på nordsida må den nye veggen som vender mot framsida utformast så nøytral og tilpassa som mogleg. Vi vil tilrå til ein arbeider med synlege samanføyinger, materialar og konstruksjonar. Berande konstruksjonar bør vere i industrielle og jernbanerelaterte material som til dømes metall. Taktekkinga bør vere li til det resterande. Det første skisserte påbygget med berre enkle vertikale spilar verker noko framand for bygget, så ein bør arbeide vidare med å tilpasse og ta opp i seg utrykket og inndelinga/rytmen frå bygget – til dømes med noko meir horisontale element.

Oppsummering/konklusjon

Fylkeskommunen er positive til ny bruk av lokomotivstallen og kan principielt akseptera ei løysing med påbygg opp til maksimalt 13 meter høgde frå dagens 9 for å få det til. Sjølvé detaljeringa med utforming, materialbruk og fargar må det arbeidast vidare med. Fylkeskommunen har gitt nokre råd omkring detaljeringa både her og i dialogmøter. Vi let med denne tilrådinga kommunen vurdere saka vidare

Med helsing

Terje Gansum
Seksjonsleder for kulturarv

Eystein M. Andersen
antikvar
eystein.m.andersen@vtfk.no

Dokumentet er elektronisk godkjent og sendes uten signatur.

Mottaker	Kontaktperson	Adresse	Post
NISSEDAL KOMMUNE	Anne Margrethe Espelid	TREUNGEVIEN 398	3855 TREUNGEN

Postadresse: Postboks 2844
3702 Skien
Besøksadresse: Fylkesbakken 10, Skien
Svend Foynsgate 9, Tønsberg
Sentralbord: 35 91 70 00
post@vtfk.no

vtfk.no

Oppsummering

Etter ein lang prosess med mange involverte fagfolk har ein på dette tidspunktet funne fram til ulike tiltak for å tilrettelegge for ein klatrehall i lokstallen på Sommarsletta.

Med isolering innvending tar ein vare på dei arkitektoniske verdiane på utsida, nye vindauge gjer det mogeleg å få betre kontroll på temperaturen. Det vil vere behov for meir detaljplanlegging på varmetap/ oppvarming ved bruk av glas i taket på påbygget. Dette må også bli vurdert opp mot ulempa med å ha det for varmt for dei som skal klatre.

Klatrehallen med ei omsynsfull og moderne påbygging, vil gje arkitektoniske kvalitetar som i tillegg til klatrehallfunksjonen vil gje auka attraksjonskraft for Nissedal. Det vil bli eit utfyllande aktivitetstilbod på Sommarsletta, i kommunen og regionen. Med ei satsing på at dette skal vere eit anlegg for alle, og ta i bruk innovative metodar/ produkt for at kven som helst skal kunne kjenne mestring. Moderne arkitektur utført på ein omsynsfull måte, gjer det mogeleg å ta i bruk bygget som ein klatrehall, og på denne måten ta vare på den fysiske kulturhistorien.

Nissedal kommune og private initiativtakrar i bygda er gode til å nytte naturen, kulturhistoria og identiteten i tilrettelegging for aktivitet og marknadsføring av bygda. Gjennom ulike arrangement og tilretteleggingsprosjekt blir kommunen marknadsført samstundes som lokale og besøkande får kjennskap og kunnskap om kulturhistorien. Klatrehall i lokstallen vil vere eit supplement til sykkelløypa på jernbanen og ei tilrettelegging for aktiv fritid i kulturhistoriske miljø. Lokale og besøkande kan bli kjent med lokalhistoria og kultumiljø gjennom aktiv bruk av elementa.

Budsjett lokstallen

Tekst: Faun

	Element	Spesifikasjon	Overslag kr.
Oppgradering av lokstallen	Nye vindauge lokstallen	Info.frå kommunen haust 2019	500 000
	Isolering innvending	Isokalk, 330 m2	25 000
	Renovering tilbygg, tilrettelegge for Cafe', lagerrom, kontor, kurslokale, toalett	100 m2	600 000
Innhald i klatrehallen	Hovedvegger, buldreveggar, nybegynnarveggar, fallunderlag, grep, mesanin, autobelayer, ruteskruing.	I tråd med skisser frå Tjelme-land friksjon	3 265 300
Prosjektering av påbygg	Detaljprosjektering og planlegging av lokstallen,	Revidere utkast av illustrasjoner, komplette teikningar til byggesøknad, byggesøknad inkludert ansvarleg søker og ansvarleg prosjekterande arkitektur, detaljprosjekt og dialog med utførande entreprenør og dialog med RIB om detaljering og omtale.	450 000
Påbygg		Kostnaden med påbygget er ikkje estimert på grunn av svært mange usikkerheitar	Usikkert
		Totalt	4 290 000

Totalt omlag 4,3 millionar + kostnaden med eit påbygg for å få naudsynt høgde for å lage eit godt klatreanlegg.

Budsjett tiltak Sommarsletta og sentrum

Tekst: Faun

	Element	Spesifikasjon	Overslag kr.
Kopling mellom sentrum og Sommarsletta	Flytebru designa av Sanden & Hodnekvam arkitekter	Brua er omlag 130 meter, universelt utforma	10 000 000
Sommarsletta	Aktivitetsskur	Bygg i tre, 25 x 5,5 meter, spileveggar, opent framme.	825 000
	Innhald til aktivitetsskur	Rampline, sjakk, bordtennis – bakketrampoline, basketballplate	200 000
	Tufteparks	komplett med underlag, montering og frakt	400 000
	Stupetårn	Stupetårn med klatretak	500 000
	Sanitæranlegg	dame og herre wc, dusjcontainer, tørkerom – universell aktuell leverandør: Containex	400 000
Sentrum	Universell turveg	Under Tveitsundbrua og opp til fortau ved "bygdetun"	500 000
	Nye sentrumsbrygger	Utvide eksisterande, samt legge til ei ekstra, totalt 55 meter ny bygging	250 000
	Landgang og utliggere	2,4x15m montert med landgang og 12x utriggere.	250 000
	Badestrand	Rydde og fylle på sand	20 000
	Skfiterom	Endre frisørsalongen til skiftebrakke.	40 000
	Sentrumsnær dagsturhytte	Smarte hytter/ nature compact living, design påverkar pris	500 000
	Lånevestar	Lånevestar og låneskåp, Design Fyresdal Røde Kors, 2 stk.	50 000
	Klatreinstallasjon	kunstprosjekt – klatrelement plassering – torget.	200 000
	Stolpejakten	Årleg lisens, stolpar og kart	25 000
			14 160 000

Det er sett opp estimat for ulike tiltak knytt til utvikling av sentrum og Sommarsletta. Lista er ikkje uttømande, og det vil truleg vere fleire element som vil koste, både i arbeid og materiale.

Dette er likevel eit utgangspunkt for å søkje om midlar eller gjere prioriteringar, om dette er vegen ein ynskjer å gå.

Budsjettet på 14 160 000 kr er utan 10% usikkerheit. Inkludert denne blir summen på kr 15 576 000,-

Overslaget på flytebrua mellom sentrum og Sommarsletta er lagt inn med 10 millionar, som er det høgste estimatet kommunen har fått i samband med tidlegare søknad om finansiering. Faun har vore i kontakt med Deltabryggen, som har skissert at det er mogeleg å få til rimlegare løysingar. Prosjektet krev detaljprosjeftering tilsvarande som for lokstallen, og planlegginga vil vere ein kostnad i seg sjølv. Vi har ikkje fått estimert kva ei detaljprosjeftering av brua vil koste, men vi anslår 500 000 kr.

Aktuelle finansieringskjelder

Spelemidlar er ei svært aktuell finansieringskjelde for fleire av tiltaka, som dagsturhytte og andre tilrettelegginstiltak. Vidare er det aktuelt å søkje stiftingar og tilskotsordningar hjå fylkeskommune/stat. Faun har også erfaring frå andre prosjekt med lokal spleis eller sponsoring frå lokale verksemder som ei viktig finansieringskjelde. Det er mogeleg å lage til sponsoravtaler med verksemder/privatpersonar. Beløpet kan splittast opp, og vere fast i ein periode på til dømes fem år. Dette gjer det enklare å

Lokstallen

Finansieringskjelde	Forslag søkesum (kr)	Merknad
Sparebankstiftelsen	1 500 000	
Gjensidige	500 000	
Spelemidlar buldrevvegg	700 000	varierar
Spelemidlar, ordinært anlegg	3 000 000	
Fylkeskommunen	900 000	Internkommunalt anlegg kan få 30% tillegg av ordinært anlegg.
Sparebanken sør	300 000	
Lokal sponsoring	500 000	Bedrifter, lag, vippskampanje for private. Lag gjerne avtaler over 3–5 år
Nissedal kommune	1 000 000	
Deltakande kommunar som blir med på internkommunalt anlegg	Førebels usikker til ein veit investeringskostnaden	5% av investeringskostnaden
sum	8 400 000	

bidrage til lokal utvikling. Ulike beløp til dømes 1000 kr, 5000 kr og 10 000 kr i fem år, gjer det mogeleg for fleire verksemder å bli med. Det er viktig at det blir laga avtale med dei ulike sponsorane. Vi gjer merksam på at lokal sponsoring over fleire år ligg det ein risiko som følge av verksemder som forsvinn og blir avvikla i løpet av perioden.

Utviklingstiltak for sentrum og Sommarsletta, inkludert flytebru

Finansieringskjelde	Merknad
Sparebankstiftelsen, Gjensidige og andre stiftingar	Søk på enkelttilta, ikkje samla.
Spelemidlar	Spelemidlar til turveg, dagsturhytte, nærmiljøanlegg, sanitæranlegg, møteplassar, bru. Del opp i fleire anlegg og fleire søknadar. 50% til ordinære anlegg, 500 000 kr pr km for turveg. Minimum lengde ny turveg: 1 km og til dagsturhytte kan ein få 1/3 og maks 1 million.
Nyskapande aktivitetsarenaer	Maks 4 millionar
Statlege departement	
Statens vegvesen	Trafikktryggleik, bru
KORO	Kunst i offentlege rom
Fylkeskommunen	Fortettingsmidlar, midlar til trafikktryggleik
Nissedal kommune	Eigenandel
Relevante kommunale fond	Vassdragsmidlar?
Lokal sponsoring*	Verksemder, lag, vippskampanje for private. Lag gjerne avtaler over 3–5 år

*Spleisaksjon for mindre tiltak.

Trinnvis utbygging

Teks og illustrasjon: Faun

Trinnvis utbygging av aktivitetsområde og universelle og attraktive møteplassar i sentrum, let seg gjere, då det er fleire delområder der tilrettelegginga skjer. Det er ulike element som kan vere aktuelt å søkje om tilskot frå ulike finansieringskjelder, avhengig av kva formål dei gjev tilskot til. Finansiering av prosjektet over tid talar for ei trinnvis utbygging. Finansieringa vil vere avhengig av søknads- og svarfristar frå eventuelle offentlege og private tilskotsordningar. Prosjektet kan bli sett i gang sjølv om ein ikkje er fullfinansiert.

Eit resultatmål for prosjektet var å ha klart eit klatresenter i Nissedal innan 2023. Her er eit forslag til tidsplan for utvikling av klatreanlegg i lokstallen.

År	2021	2022	2023
Aktivitet			
Detaljprosjektering			
Søknadsskriving			
Anbudsprosess			
Bygging			
Ferdigstilling			

Vi har laga forslag til ei prioriteringssiste som også viser grad av kompleksitet. Som det vises av tabellen er det sett opp ressurskrevjande tiltak som prioritet 1, fordi det kan vere utløysande og avgjerande faktorar for at andre tiltak skal fungere på sikt. I tabellen er brukoppling sett opp som prioritet 1 fordi den er sentral i utviklinga av Sommarsletta som eit sentrumsnært og trafikksikkert aktivitetsområde, og ikkje minst viktig for å knytte handel og turisme saman. Vi har også sett aktivitetar på Sommarsletta som prioritet 2, fordi desse vil vere avhengige av ei brukoppling for å vere sentrumsnære aktivitetar.

Grad av kompleksitet	Prioritet 1	Prioritet 2	Prioritet 3
Lågthengande Raske og rimelege tiltak, mogeleg å realisere i løpet av nokre veker/ månadar, basert på dugnad.	Flytting av handicaprampen (frå Sommarsletta til nær badestrand og vassaktivitetar) Stolpejakt skåp med lånevestar	Beplantning i bryggeparken	Sentrumshage og bygdetun Utvide badestrond
Middels krevjande Mogeleg å realisere i løpet av 1 – 2 år.	Lage gågate i sentrum, endre parkeringsmønster Turveg under Tveitsund bru og opp til bygdetun Tufteparks	Utvide bryggeanlegg Klatreinstallasjon på sentrum-splassen Stupetårn	Klatreinstallasjon på sentrum-splassen
Ressurskrevjande Økonomisk krevjande Meir enn 2 år for å få realisert; planlegging, finansiering, gjennomføring.	Aktivitetsbru Klatrehall i lokstallen		

Konklusjon

Kommunen fekk innvilga midlar til ein studie med mål om å avklare moglegheitane for eit klatreanlegg som reiselivsprodukt, attraksjonskraft og folkehelsefremjande tiltak. Dei fekk og midlar til å sjå nærmare på gode sentrumstiltak. I etterkant av dette prosjektet, og arbeidet med den heilskaplege planen for attraktive sentrumsområder, ser vi at mykje allereie ligg til rette for å skape eit attraktivt område der folk flest kan vere aktive. Mange spennande prosjekt er i gang og har blitt realisert, og mange gode idear kan bli utvikla og realisert framover.

Sentrumplanen som vi har foreslått omfattar tiltak som fremjar ein aktiv kvardag for alle. Det er lagt opp til å skape gode koplingar for mjuke trafikantar og gjere sentrumsområdet meir attraktivt og trafiksikkert. Ei gågate og meir fokus på forflytte seg til fots eller på sykkel i sentrum, vil bidrage til eit meir innbydande, attraktivt og ikkje minst trafiksikkert sentrum. Ei utviding av bryggeparken og bryggefasilitetane, saman med ein universell turveg under Tveitsund bru, vil skape meir liv i vasskanten. Ved å tilrettelegge med handicap- baderampa i området med badestrand og vasstrampoliner, vil ein få eit inkluderande tilbod i sentrum. Området bør bli detaljprosjektert og ha stort fokus på at dei mjuke trafikantane skal bli prioritert framfor bilen. Universell utforming blir viktig i detaljane og utforminga. Det bør også bli gjort vurderingar på arealbruk til bilparkering i sentrum,. Ein balanse er viktig for å få til fortetting med kvalitet og gavenleg sentrumsområde.

Moglegheitsstudien viser at det let seg gjere å nytte lokstallen som klatrehall, dersom ein gjer ein del tilpassingar for å tilfredsstille krav til gode klatreanlegg. Det er mogeleg å isolere frå innsida for å oppretthalde eksteriøret på det kulturhistoriske bygget. Fylkeskommunen er positive til å ha ny bruk i det gamle bygget og aksepterar ei endra takhøgde i form av påbygg som Sanden & Hodnekvam arkitektar har designa.

Det vil vere behov for detaljprosjektering og innarbeiding av spennande og unike klatreløysingar frå Tjelmeland Friksjon. Lokstallen som foreslått kan svare ut alle måla om å bli eit reiselivsprodukt, bli ein attraksjon, ein viktig møteplass og samtidig vere eit viktig folkehelsefremjande tiltak.

Vi trur at ein gjennom eit detaljeringsprosjekt vil få avklart og få oversikt over utfordringar og kostnadsdriverar som vil vere viktig for realisering. Ved bruk av relevant fagkompetanse, god dialog mellom kommunen, fylkeskommunen, fagfolk og den lokale klatrekubben, kan Lokstallen i Treungen bli ein attraktiv og innovativ klatrehall for alle. Lokalisering på Sommarsletta er ei utfordring i dag. Ei brukoppling mot sentrum vil gjere Sommarsletta svært egna som sentrumsnært aktivetsområde for alle.

Tveitsund bru er ei barriere i dag, vi meiner at det vil vere avgjerande med ei brukoppling som legg til rette for dei mjuke trafikantane, og som vil kople nordre og søndre delen av bygda saman. Den naturlege traseen for dette er å kople sentrum direkte mot Sommarsletta, som er eit knutepunkt for aktivitet, og som har potensial for vidare utvikling og supplerande aktivitetstilbod. Ei brukoppling vil gjere det enklare for lokale og fastbuande å ta i bruk fritidsaktivitetar og naturkvalitetar på båe sidene av sundet. Det vil vere ei svært viktig satsing på dei mjuke trafikantane, og vil kunne føre til mindre trafikk i sentrum i samband med skule-, jobb- og fritidsreiser.

Ei aktivitetsbru som presentert i rapporten, saman med lokstallen som klatrehall vil bli innovative og viktige attraksjonar i Treungen, og det vil forsterke kommunen si satsing på aktiv kvardag i kulturhistoriske miljø.



Sentrum

Sommarsletta

